

**Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - Arbeidsdokument 6/20****Budsjettdokument 2021 – økonomiplan 2021- 2024**

Som vedlegg til dette arbeidsdokumentet er eit samla budsjettdokument for 2021 – økonomiplan 2021- 2024.

Neste års budsjett og kommande økonomiplan for Vestland fylkeskommune er utarbeidd av finansutvalet gjennom 2020. Budsjettarbeidet har vore gjennomført med eit såkalla arbeidsdokument til kvart møte, der finansutvalet suksessivt har teke stilling til delar av budsjettet. I tilknytning til arbeidsdokumenta har finansutvalet gjort prosessvedtak, og på denne måten hatt framdrift i budsjettarbeidet.

Det har vore fem møte i finansutvalet til no i 2020. Fylkesrådmannen har på bakgrunn av finansutvalet sitt arbeid og prosessvedtaka som er gjort så langt, utarbeidd eit samla budsjettdokument.

Samanlikna med det som er presentert i arbeidsdokumenta til no, er budsjettdokumentet supplert med følgjande avsnitt:

- Innleiing
- Klimabudsjett
- Økonomiplan
- Oppdatering av budsjettreglement og finansielle måltal

**Handsaming av arbeidsdokument 6**

Budsjettprosessen går no inn i den politiske slutthandsaminga i november og desember. Saka skal handsamast i følgjande politiske møte:

Politisk møte	Møtedato
Finansutvalet	19.11.2020
Administrasjonsutvalet	18.11.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	25.11.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse	25.11.2020
Hovudutval for næring	25.11.2020
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	25.11.2020
Fylkesutvalet	26.11.2020
Fylkestinget	15.12.2020

Finansutvalet skal no legge ut sitt framlegg til kommande årsbudsjett og økonomiplan for slutthandsaming. Administrasjonsutvalet og dei fire hovudutvala handsamar budsjettsaka, og får den til uttale. I tillegg skal det sentrale arbeidsmiljøutvalet kome med uttale. Deretter går budsjettsaka vidare til fylkesutvalet som kjem med si innstilling til fylkestinget; som gjer endeleg vedtak i saka.

**Nye moment arbeidsdokument 6**

### Investeringsbudsjett

Det er lagt inn 2 nye prosjekt i investeringsbudsjettet. Det er identifisert eit behov for bybanen som gjeld skjermar som skal gje informasjon til dei reisande. Prosjektet er omtala under investeringsprogram for kollektiv, og det vert føreslått ei løyving på 8 mill. kr til prosjektet.

I tillegg er eit anna nytt prosjekt lagt inn; Storelva bru – Utvik. Her er det naudsynt å byggje ei ny bru etter at ein flaum øydela den gamle brua. Prosjektet er nærare omtala under bruer og kaier i investeringsprogram for fylkesveg.

2 prosjekt er teke ut av investeringsbudsjettet. Etter vedtak i fylkestinget i september vart kontrakt for tenestepensjon for kommunalt tilsette tildelt Storebrand. Det betyr at eksisterande avtale med KLP er sagt opp. Det gjer at ein ikkje lenger treng å ta høgde for årlege innskot til eigenkapital hos KLP. I kommande økonomiplanperiode ville desse innskota vore i storleiken 8,5 mill. kr pr. år.

I fleire år vart det i Hordaland sett av om lag 2 mill. kr årleg til investering i bilar med nullutsleppsteknologi. Det vart kjøpt inn bilar som gjekk på elektrisitet og hydrogen. Dette tiltaket var også med i budsjettet til Vestland for 2020, men er no teke ut av økonomiplanperioden for 2021- 2024. Årsaka til dette er at ein ser meir heilskapleg på det å gjere bilbruk og jobbreisen i fylkeskommunen meir miljøvenleg.

### Driftsbudsjettet

Som følgje av handsaming av arbeidsdokument 5, og prosessvedtaka som vart gjort, er følgjande moment no innarbeidd i vedlagt budsjettdokument;

- Administrativt innsparingsprogram
- Statsbudsjett 2021

Verknadane av desse momenta er omtala for kvart sektorbudsjett.

### Oppfølging møte i finansutvalet

#### Totalbudsjett salderingstiltak opplæring

Det vert synt til at det vart gjort slikt prosessvedtak ved handsaminga av arbeidsdokument 5 i møte 29. oktober;

*Finansutvalet ber administrasjonen til neste møte synleggjere totalbudsjettet på desse postane / desse endringane.*

Under har ein set opp budsjett før og etter salderingseffekten av dei ulike tiltaka i tabellen.

Salderingstiltak	Salderingseffekt 2021	Totalbudsjett før endring	Totalbudsjett etter endring
U0: Tilskot til toppidrett - redusert tilskot og U1: Tilskot til toppidrett (tilbod til toppidrettsutøvarar) - alternativ organisering	0,4	9,3	8,9
U1: Tilskot til drift av Manger folkehøgskule	0,2	1,3	1,1
U1: Fagnettverk	1,4	6,2	4,8
U2: Fylkeskommunalt driftstilskot til internat	0,5	2,2	1,7
U2: Ressurs til bibliotekar+stilling koordinator skulebibliotek	0,9	14,2	13,3
U2: Rådgjevarressurs (ut over avtalefesta nivå)	0,5	1,0	0,5
U2: Vidaregåande opplæring for vaksne*	2,3	78,9	76,6

U2: Arbeidslivskontakt	0,7	3,4	2,7
U2: Tilskot til lærebedrifter for lærlingar med meir enn eitt fagbrev	4,5	7,5	3,0
U2: Digital pedagogisk ressurs ved dei vidaregåande skulane	0,8	5,6	4,8
U0: Redusere driftsløyving til undervisningsutstyr skulane	1,4	6,2	4,8
<b>Sum salderingstiltak</b>	<b>13,6</b>	<b>135,8</b>	<b>122,1</b>

### Gjenstående saldering og budsjettsummer som ikkje er disponert

Det vert synt til at det vart gjort slikt prosessvedtak ved handsaminga av arbeidsdokument 5 i møte 29. oktober;

#### *Finansutvalet aukar sektorbudsjetta slik:*

<i>Inndekking av konsekvensar av statsbudsjettet</i>	<i>53,7</i>
<i>SAMO</i>	<i>89,8</i>
<i>KULI</i>	<i>2,6</i>
<i>Næring</i>	<i>2,4</i>
<i>Sum</i>	<i>148,5</i>

*Finansutvalet vil koma attende til disponering av auka driftsrammer på sektorbudsjetta i neste møte.*

#### **SAMO**

For hovudutval for samferdsel og mobilitet sitt budsjettområde står det att å fordela 89,8 mill. kr. Auken i budsjettmidlar må vurderast opp mot dei tiltaka som finansutvalet har signalisert at dei ikkje vil gå vidare med. Desse tiltaka er lista opp i sektorbudsjetta for både mobilitet og kollektiv og infrastruktur og veg. Den udisponerte summen på 89,8 mill. kr er førebels plassert på løyvingsnivået Veg – drift- og vedlikehald i sektorbudsjettet til infrastruktur og veg.

Gjenstående salderingsbehov er pt 27 mill. kr innafor mobilitet og kollektiv og 71,8 mill. kr for infrastruktur og veg, totalt 98,8 mill. kr. I tillegg kjem verknad av prosessvedtak for VTA-køyring. For endeleg saldering av budsjettet er det nødvendig at finansutvalet avklarar kva innsparingstiltak som skal leggjast til grunn i budsjettframlegget.

#### **KULI og Næring**

Både hovudutval for kultur, idrett og integrering og hovudutval for næring sine budsjettområde er saldert med innarbeidde tiltak. Dei udisponerte budsjettsummerne på høvesvis 2,6 mill. kr og 2,4 mill. kr er sett av i sektorbudsjetta til kultur, idrett og inkludering og innovasjon og næring slik at finansutvalet kan fordele dei.

#### **Salderte sektorbudsjett**

Følgjande sektorar sine budsjett er saldert i vedlagt budsjettopplegg;

- Opplæring og kompetanse
- Kultur, idrett og inkludering
- Innovasjon og næring
- Strategisk utvikling og digitalisering
- Tannhelse
- Organisasjon og økonom

### Budsjett konsulentbruk og sjølvprofilering, inkludert skilting

Det vert synt til at det vart gjort slikt prosessvedtak ved handsaminga av arbeidsdokument 3 i møte 18. juni;

*Finansutvalet ber om at fylkeskommunen sitt budsjett for sjølvprofilering, inkludert skilting vert lagt fram, samt fylkeskommunen sitt budsjett for konsulenttenester.*

I dei påfølgande møta i finansutvalet er det meldt at dette vil kunne klargjerast seinare i budsjettprosessen. For 2020, og fram til no i budsjettprosessen for 2021, har ikkje sektorane arbeidd fram eit samla detaljbudsjett for heile fylkeskommunen. No har ein kome så langt at ein har meir detaljerte summar, og det er no mogleg å svare ut dette spørsmålet.

#### *Sjølvprofilering, inkludert skilting*

Det er budsjettert med 15,4 mill. kr til skilting av eigedomsmassen til Vestland. Med gjennomføringa av dette i 2021 vert bygg og leigebygg profilert i samsvar med det som er vedteke.

Når det gjeld sjølvprofilering så vert Vestland profilert i sær mange samanhengar og på mange måtar. I dei samanhengane der dette er tilfelle så er hovudføremålet noko anna enn å profilere Vestland fylkeskommune; døme på dette kan vere stillingsutlysingar, konkurransar eller ulike publiseringar. Det er altså ikkje sett av bestemte budsjettmidlar til prosjekt eller aktivitetar der hovudføremålet er profilering av Vestland.

#### *Konsulenttenester*

Etter at sektorane er ferdige med fyrste runden med spesifisering av budsjetta så er det samla sett av 44,7 mill. kr til konsulenttenester. Dette inkluderer juridiske tenester. Det vert synt til dei sektorvise budsjetta for ei nærare skildring av kva som er inkludert av denne type tenester innanfor kvar sektor.